



Trygve Jørgen Nesheim
Nesheimsvegen 50
5734 VALLAVIK

Dato: 20.12.2016
Vår ref.: 2016/35109-2
Saksbehandlar: rolrose
Dykkar ref.:

Sal av Bruravik ferjekai

Bruravik ferjekai har ikkje lenger nokon funksjon på fylkesvegnettet, og fylkeskommunen ynskjer difor å avhenda kaiområdet.

Det fylgjer av lov om vegar (veglova) §8, 3. avsnitt:

«Blir offentlig veg nedlagt, og veggrunnen ikkje blir nytta til anna føremål etter første ledd, og vegen heller ikkje blir utlagt til privat veg, har eigar av eigedom som støyter til vegen rett til å krevje veggrunnen lagt til eigedomen sin mot vederlag etter skjønn,....»

I 2000 vart det lagt fram ei sak for fylkesutvalet som gav vegsjefen fullmakt til å selja nedlagte ferjekaiar under føresetnad av at retningslinene i veglova vart fulgt.

Bruravik ferjekai har gnr/bnr 78/4, og Ulvik herad har opplyst at denne eigedomen i si tid vart utskilt frå gnr/bnr 78/1 og 2 som etter det me har fått opplyst du er eigar av.

Fylkeskommunen og Statens vegvesen har drøfta sal av Bruravik ferjekai med Ulvik herad, og heradet har signalisert at dei er interessert i å ta over kaiområdet.

Spørsmålet om overtaking av kaiområdet går likevel først til deg som tidlegare eigar av området. Me ber deg vurdera dette og gje oss tilbakemelding innan 15. januar 2017. Ta gjerne kontakt viss du har spørsmål.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Ulvik herad